

Lytt til ferjeopprøret!

Det er lett å skulde på klimakrav i anbod og oppgradering av ferjekaier som største kostnadsdrivar. Men problemet er meir grunnleggjande enn som så: Ferjedrifta har blitt delprivatisert, ferjene og reiarlaga selt til høgstbydande. Då fylkeskommunen først sette ferjene ut på anbod, sparte dei enorme summar, fordi anbodstakarane bydde under kvarandre for alt dei klarte. Men ferjereiarlaga vart færre og nye anbodsroundar med strengare krav ga høve til å rekne inn stor profitt.

No slit ferjefylka med økonomien, medan Fjord1, Norled, Torghatten og Boreal går med enorme overskot. Det er ikkje tilfeldig, men grunna i høgrepolitikk.

Dei som har kontroll over driftsmidla, altså ferjene, har mykje makt. Om fylkeskommunen skulle ønske å ta drifta tilbake, så har dei ikkje høve til det. Dei privateigde reiarlaga eig ferjene og er dei einaste som kan levere anbod. I praksis er fylkeskommunane tvungne til å kjøpe tenestene frå reiarlaga. Det gjer reiarlaga stor forhandlingsmakt.

Møre og Romsdal SV ber arbeidsprogramkomiteen vurdere å ta med følgende i SV sitt arbeidsprogram for stortingsvalgkampen 2021:

- Tiltak som sikrar lågare ferjeprisar, til hjelp for både folk, familiar og næringsliv.
- Elektrifiseringen av ferjene må finansieres frå nasjonalt hald.
- På lengre sikt må alle ferjene tilbake til offentleg drift.

Fylket vårt treng at dei som har makt er villig til å få MRF-logoen tilbake på ferjene, slik at fylket slepp å måtte kutte i skular og drive avfolkning av distrikta.